
Saksnr: 2020/48378-4
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen
Dato: 16.04.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging - Vurdering av ordning for finansiering av friskular

I sak PS 56/20 i kontrollutvalet 11. mai 2021 Oppfølging-vurdering av ordning for finansiering av friskular, gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at ein sidan sist rapportering er komme noko lenger med forbetningsprosessane når det gjeld rapport om vurdering av finansiering av spesialundervisning i friskular.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av rapporten for punkta 1, 2 og 3 til møtet i utvalet i november 2020 med frist for levering til sekretariatet innan 04.11.2020.

Arbeidet med ny finansieringsmodell for spesialundervisning i friskular må sjåast i samanheng med arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland og tilhøyrande finansieringsmodell.

Fylkesrådmannen la i utgangspunktet opp til at denne planen skulle handsamast politisk hausten 2020. Slik det går fram av RS-sak 11/21, 16. mars 21, Prosess for arbeidet med plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland, er dette arbeidet seinare skyvd ut i tid. I RS-sak 11/21 til hovudutval for opplæring og kompetanse la fylkesdirektøren fram oversyn over prosess for arbeidet med planen. Det heiter mellom anna:

«Planen skal ha mål for inntak av elevar med rett til spesialundervisning, organisering av opplæringa, strategi for tilpassa opplæring for alle elevar samt ein felles ressurstilodelingsmodell».

I notatet til hovudutvalet er det skissert at eit utkast til planen skal vere ferdig innan 1. mai slik at den kan sendast ut på høyring før politisk handsaming hausten 2021.

Den politiske vedtaksprosessen:

*01.09.2021 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
08.09.2021 Hovudutval for opplæring og kompetanse
15.09.2021 Vestland ungdomsutval
21.09.2021 Fylkesutvalet
15.-16.12.2021 Fylkestinget i Vestland*

Fylkesrådmannen ber om å få kome attende til kontrollutvalet med oppfølging av vedtak i kontrollutvalet i PS-sak 56/20, etter at plan for tilpassa opplæring og spesialundervisning i Vestland er politisk handsama. Fram til planen er vedteken, vil fylkesrådmannen nytte eksisterande prinsipp for finansiering av spesialundervisning for dei fylkeskommunale vidaregåande skulane. Friskulane vil i 2021 få utbetaling etter same prinsipp som i 2019 og i 2020.